



Til Voss herad	Vår sakshandsamar Cato Dørmænen	Vår dato 16.11.2023	Vår referanse 2023/1642-6/315
		Tidlegare dato	Tidlegare referanse 22/10375 - 20

## Uttale til detaljreguleringsplan for brannstasjon og bustader - Tvildemoen - planID 2023001, Voss Herad, Vestland

Viser til oversendte høyringsdokument i samband med detaljregulering for brannstasjon og bustader – Tvildemoen, Voss kommune, Vestland.

Forsvarsbygg uttaler seg, for å avverje at vitale militære interesser vert forringa ved nye planvedtak og har motsegnskompetanse til planer etter plan- og bygningslova . Utgangspunktet vil alltid være at Forsvarets faste tilstadevering har bakgrunn i ei nasjonal slutning om lokalisering, og at den militære verksemda som gjennom denne slutninga er tiltenkt å være på staden, må kunne videreførast.

Detaljreguleringsa inneber blant anna naudsynt behov for å utbetre trafikksituasjon og kryssløysingar og som omfattar krysninga frå Tvildemoen, over Rv13 og inn dei deler av Forsvarets områder som grenser til Rv 13.

Forsvarsbygg viser i denne samanheng til områdereguleringsplan som denne detaljreguleringsa er ein del av. Her uttalte vi at området som utvida plangrense er ein del av, ligg innanfor Forsvarets interesseområde og at Forsvarets interesser må ivaretakast. Jf. brev datert 05.06.2013 og sist vårt brev datert 26.04.2023.

Forsvarets interesser inneber ein føresetnad om at ny trafikkloysing vert tilrettelagt for Forsvarets behov og at avkøying inn i området vert oppretthaldt. Jf. også utvekslingsmøter mellom Forsvarsbygg og Voss Herad, der vi i fellesskap har kome til einighet om dei tekniske løysingane som ville være tilstrekkelege for å ivareta Forsvarets behov. Planforslaget slik det no vert presentert synes no å ha teke høgde for at tilkomst til Forsvarets områder vert tilstrekkeleg ivaretakne. Vi kan såleis akseptere dei løysingane som ligg til grunn i plandokumenta.

Vi viser vidare til at vi har VA rettigheter som kjem frå Tvildemoen som også må ivaretakast og at ein kontaktar Forsvarsbygg for kabelpåsvining frå Tvildemoen og inn mot Forsvarets områder i god tid før eventuell byggestart.

Utover dette har Forsvarsbygg ingen merknader til planvarselet.

Bjørn Bergesen

Leiar Arealplan

Eigedomsforvaltning  
Forsvarsbygg

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

VOSS HERAD  
Postboks 145  
5701 VOSS

**Vår dato:** 12.12.2023  
**Vår ref.:** 202219174-4 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 22/10375 - 21

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes,  
22959527, toot@nve.no

## **NVE sin uttale - Detaljreguleringsplan for Tvillemoen - Gnr. 89 bnr. 29 - PlanID 2023001- Voss herad**

Vi viser til brev datert 09.11.2023. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Tvillemoen. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny hovudbrannstasjon på Tvillemoen, saman med eit område for sentrumsnære bustader.

I oversendingsbrevet gjer de greie for planområdet si plassering på øvste platå på Tvillemoen, og korleis naturfare er vurdert og handtert i planarbeidet. De meiner at løysingar i planen sikrar tilfredsstillande tryggleik knytt til skred, erosjon og overvasshandtering. Voss herad ynskjer likevel at NVE gjer ei vurdering av planen og tilhøyrande dokumentasjon, og de ber om tilbakemelding dersom vi har innspel.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbL).

### **NVE sin konkrete uttale**

#### Områdestabilitet

Områdestabiliteten er vurdert av Norconsult i rapport datert 03.07.2023. Rapporten følgjer prosedyren i NVE rettleiar 1/2019 og konkluderer med at planområdet ikkje ligg i lausne- eller utløpsområde for områdeskred av kvikkleire. NVE har ingen merknader til dokumentasjonen.



## Skred i bratt terreng

Norconsult har også gjort ei vurdering av skredfare i bratt terreng i rapport datert 03.07.2023. Ei skråning mellom øvste platå på Tvilddemoen, og eit melloplatå har ei helling mellom 25 og 40 grader. Skråninga ligg sør i planområdet. Skråninga har tilfredsstillande stabilitet, men på grunn av nokre teikn til mindre utglidinger og overflateprosessar er det rådd til å halde ein avstand på minimum 5 meter mellom bustader og skråningstopp. Skråninga er vurdert å vere utsett for erosjon frå overflatevatn. Overflatevatn må difor ikkje førast inn i skråninga, og det må ikkje fjernast vegetasjon utan vidare vurderingar og avbøtande tiltak.

Den aktuelle skråninga, og (slik vi tolkar det) minst 5 meter inn på platået, er markert i plankartet med omsynssone H310 Ras og skredfare. I føresegne er det sett krav om at det må dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med teknisk forskrift, og at bustader skal etablerast utanfor faresona.

Avstanden på minimum 5 meter frå skråningskanten er tilpassa tryggleikskrav for tiltak i tryggleiksklasse S2, jf. TEK17 § 7-3. Det er ikkje openbart for oss om føresegne til B2, B3 og B4 avgrensar utbyggingane i desse byggeområda til tryggleiksklasse S2. NVE rår dykk til å vurdere dette. Dersom planen ikkje utelukkar S3 tiltak, rår vi dykk til å endre føresegne, eller auke avstanden til skråningskanten slik at avstanden vert tilpassa S3. NVE sin [Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng](#) rår til at 10 meter avstand mellom skråning og horisontal topp av terrasse blir brukt for sannsyn 1/5000. Sjå også Norconsult sin rapport nedst side 17.

I oversendingsbrevet skriv de at vegetasjon i skråninga er sikra videreført gjennom føremål grønstruktur. Dette for å ta vare på vegetasjonen sin skredførebyggande effekt. I føresegne ser vi at det er opna for å tilrettelegge stiar eller tråkk i o\_G, samt enkel og midlertidig møblering og leikeutstyr. De kan vurdere å avgrense høvet til slike tiltak i den aktuelle skråninga (innanfor H310) for å sikre at ikkje det blir utført tiltak som kan gi utilsikta konsekvensar for skråningsstabiliteten.

## Overvatn

Det er viktig at overflatevatn ikkje blir ført inn i skråninga. I følgje oversendingsbrevet legg planen opp til at overflatevatn skal sikrast gjennom tretrinnstrategien med infiltrasjon, forseinking og dryging, og sikring av flaumvegar ved overbelastning. Planen skal sikre to flaumvegar frå området som del av turvegar mellom øvste platå og melloplatået, begge med vidare utlaup mot Raundalselva. I VA rammeplanen er det utarbeidd avrenningsanalyse/-kart for dagens situasjon, og eit kart som viser overvasstiltak og avrenningsretningar for planlagt situasjon. Slik vi les desse karta, så renn overvatn (som ikkje blir infiltrert) no i hovudsak mot nord og til Strandaelvi. I framtidig situasjon ser flaumvegane i større grad ut til å gå mot sør. Flaumvegane skal følgje turvegar mot sør, og sleppast i terrenget sør for planområdet. Dersom det er riktig at avrenningsretninga for overvatn ved ekstrem nedbør blir snudd frå nord til sør, bør de vere sikre på at avleiringa av overvatn får trygge flaumvegar heilt til Raundalselvi (resipient).



NVE har eit fagleg råd om at flaumvegar og andre overvasstiltak (regnbed) blir innarbeidd og synleggjort i plankartet. Sjå elles kapittel 4.5 i [NVE rettleiar 4/2022 for handtering av overvatn i arealplanar](#). Kapittelet syner kva arealføremål og omsynssoner som kan brukast til overvassføremål.

### **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Toralf Otnes  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarar:**  
VOSS HERAD

**Kopimottakarar:**  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VOSS HERAD  
Postboks 145  
5701 VOSS

**Avdeling for  
Næring, plan og innovasjon (NPI)**

---

Dato	15.12.2023
Vår referanse	2022/89536-8
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Liz Eva Tøllefsen
E-post	Liz.Eva.Tollefsen@vlfk.no
Telefon	

## **Fråsegn til plan til offentleg ettersyn - Brannstasjon og bustader - Tvildemoen - Voss herad**

Vi viser til brev datert 6.11.2023. om høyring av forslag til detaljregulering for brannstasjon og bustader på Tvildemoen. Føremåla er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til framtidig busetnad og anlegg.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 4.11.2022.

### **Vurdering**

#### By- og stadutvikling

Planområdet har ei gunstig plassering i kort gangavstand til regionsenteret Vossevangen, samt i nærleik av tur- og rekreasjonsmogleheter på Tvildemoen.

Planforslaget legger opp til eit noko utradisjonelt, men effektivt plangrep gjennom å etablere ny brannstasjon med publikumsretta funksjoner, integrert i eit nytt bustadområde. Planlagt materialbruk med stort innslag av massivtre er også nytenkande og berekraftig.

Bustaddelen legger opp til 3 ulike formar for bustadformer; 2 variantar av leilegheitsbygg, og rekkjehus. Eit rikt mangfold av bustadtypologiar vil kunne stø opp om ein variert befolkningssamsetning, og låg parkeringsdekning vil kunne gjere bustadane rimelegare og unngå unødvendige terrengeinngrep.

#### Samferdsel

Som vegstyremakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkomst langs fylkesveg. Våre interesser knyt seg primært til planlegging, bygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Sjølv om planforslaget ikkje rører fylkesvegnettet direkte, er opparbeiding av gang- og sykkelvegar viktig for kringliggjande områder. Eit samanhengande tilbod for mjuke trafikantar er viktig for trafikktryggleiken, men også for å snu transporthierarkiet og målsetjinga om redusert transportbehov hos den enkelte. I dag er det ofte stygge situasjonar ved krysning av riksveg 13, der barnehageborn, syklende og andre må få trafikken til å stoppe opp slik at dei kan krysse dagens tre køyrefelt. Vi er positive til at planforslaget har tatt innover seg problemstillingane, og innarbeida fleire gode løysingar. Innregulerte løysingar vil bidra positivt til at fleire kan sykle frå nærsentra mot Vangen, og sikra god framkome langs det overordna vegnettet for alle trafikantar.

Realisering av innregulerte gang- og sykkelnettet er viktig. Vi undrar oss over at rekkefylgjekrava er knytt opp til datoar. Erfaring tilseier at rekkefylgjekrav med fordel kan knytast opp til trinnvis utbygging av området. Planen har innarbeida tydelege rekkefylgjekrav, men vår erfaring tilseier at rekkefylgjekrav som er direkte kopla til tiltak på ein betre måte sikrar gjennomføring. På same tid må tilboda for dei mjuke trafikantane etablerast tidleg, då dagens situasjon skapar trafikkfarlege situasjoner.

Til slutt vil vi leggja til at kryssing i plan må vurderast etter krav i handbok V127. Dersom kryssingspunktet ved o\_GS2-6 er i tråd med handbokskrava, meiner vi at opparbeiding av denne og må inngå i rekkefylgjekravet i punkt 9.2, fyrste kulepunkt.

## Konklusjon

Planforslaget følgjer opp *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* på ein god måte, som mellom anna seier at fylket bør utvikle regionale sentre slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i. Vestland fylkeskommune har nokre merknader til planforslaget når det gjeld rekkefølgjekrav til realisering av gang- og sykkelveg og kryssingspunkt. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagansvarleg  
NPI – Plan, klima og analyse

**Liz Eva Tøllefsen**  
seniorrådgjevar  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og analyse

Katrine Helle Riber , seksjon for veg og infrastruktur

Kopi mottakarliste

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER




Voss herad  
Postboks 145  
5701 VOSS

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Jan Vidar Voster, 5557 2306

## Fråsegn - offentleg ettersyn - Voss - 89/29 31 54 55 - Tvilddemoen - brannstasjon bustadar næring mm. - reguleringsplan

Vi viser til brev av 06.11.23 og detaljregulering for gnr. 89, bnr. 29 mfl. – Tvilddemoen brannstasjon, bustadar og næring til offentleg ettersyn. Frist for uttale er sett til 23.12.23.



### Vurdering:

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for utvikling av ein ny hovudbrannstasjon for Voss herad saman med eit bustadområde med dagligvareforretning, grønstruktur og offentleg nabølagstorg. Planen opnar for inntil 130 bueiningar. Innanfor areal til kombinert utbygging- og anleggsføremål tillatast det maks. 500 m<sup>2</sup> BRA til forretning (daglegvare) og 150 m<sup>2</sup> bevertning-/tenesteyting på bakken. Plandområdet er om lag 47 daa.

Gjeldande plangrunnlag for området er «områdeplan Tvilddemoen», kor det er sett krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan for aktuelt område. Området er mellom anna sett av til



kombinerte føremål (BKT1), uteoppaldsareal (o\_UA1), samt grønstruktur (o\_G) og turveg (o\_TV). Det vert vist til plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing kor heradet som næreste planmynde, har vurdert at ny utbygging er i tråd med overordna plan og vil ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing. Heradet har i ein eigen prosess (2018) vurdert ulike alternativ for plassering av ny brannstasjon. I tillegg har det vore utarbeidd ei klimagassbereking av Asplan Viak, av alternativa; - ny brannstasjon på T vindemoen, eller å byggja om eksisterande brannstasjon på Vetleflaten. Konklusjonen i rapporten er at materialval i nytt byggeprosjekt er viktigare for klimagassutslepp enn plasseringa, på grunn av tilstanden på noverande brannstasjon. På bakgrunn av desse utgreiingane vart det gjort vedtak om lokalisering på T vindemoen i Heradsstyret den 17.03.22, sak 29/22.

#### *Grønstruktur:*

Vi merkar oss at ny utbygging i planframlegget B1 og B2 strekk seg inn på areal som i områdeplanen for T vindemoen (*planid 123509014*) er sett av til o\_UA 1 – grøn struktur. I områdeplanen er desse områda, viktige fellesområde for byggjeområda og nærområdet rundt. Planforslaget vil såleis ha ein innverknad for rekreasjonsbruken i området. Ny utbygging vil innebera at deler av skogen vert bygd ned. Vi tykkjer i utgangspunktet at det er uheldig at planen legg opp til å byggja ned eksisterande grønstruktur. Området er viktig for både barnehagane og burettslaga på T vindemoen. Statsforvaltaren finn likevel å kunne akseptera denne utvidinga, sidan den delen av skogen mot sør og vest (Hakkebakkeskogen), som er vurdert til å ha størst rekreasjonsverdi, vert ivaretatt.

#### *Utenomhusareal:*

Vi merkar oss at planen legg opp til eit minimumskrav på om lag 20 m<sup>2</sup> felles uteoppaldsareal pr. bueining, noko som er lågare enn minimumskravet i områdeplanen på 25 m<sup>2</sup>. Planen legg vekt på at dersom offentlege areal og innvendige fellesareal i felleshuset vert lagt til grunn for berekninga (nabolagstorg, travbaneakse, tverrforbindingar og felleshus), vil kvar bueining ha tilgang på om lag 50 m<sup>2</sup> uteoppaldsareal. Vi tykkjer i utgangspunktet at det er uheldig at planen bryt med minstekravet til uteoppaldsareal i overordna plan. Utomhusareal skal vera av god kvalitet og eit eigna område for leik og rekreasjon. Planen bør heller redusera talet på bueiningar, slik at planen vil samsvara med storleikskravet nedfelt i områdeplanen, i staden for innlemma diverse føremål for å få kunne definira utenomhusareal med 50 m<sup>2</sup> felles areal per bueining.

#### *ROS-analysen:*

Vi les ut ifrå ROS-analysen at det er eit vesentleg sannsyn for kjemikalieutslepp i samband med brannøvingar på brannstasjonen. ROS-analysen føreslår at det et bør etablerast tiltak for å avgrensa faren for utslepp frå den faste brannøvingsplassen, f.eks. sandfang, reins av vatn og oppsamling av brannskum. Det er planlagt at forureining ifrå brannvesenets verksemnd skal avgrensast ved at utslepp frå utvendige areal og innvendig vaskehall vert knyta til planlagde oljeutskiljerar, men at dette må vurderast konkret når brannøvingsplassen skal etablerast. Vi kan ikkje sjå at nokre av desse avbøtande tiltaka er forankra i føresegna til planforslaget. Vi rår difor til at dette vert teke med inn som eit viktig moment under pkt. 4.5.

#### *Vassdrag:*

Vi merkar oss vidare at føremåla o\_AVG15, o\_AVG18 strekkjer seg heilt ned til elva. Etter det vi kan sjå, kjem det ikkje fram av oversendinga ei vurdering av planframlegget opp mot vassressurslova § 11, og kva konsekvensane ei evt. utbygging vil få for kantvegetasjonen som ligg til elva her. Føresegna opnar for vegskjeringar og fyllingar på desse areala. Vi merkar oss ut ifrå våre kartkjelder at det er bratt ned mot elva her og evt. tiltak vil såleis vera ganske inngrindande i elvekanten. Etter vår vurdering er det problematisk at det er lagt slike føremål som vil kome i konflikt med kantvegetasjonskravet i vassressurslova § 11. Dette er gjort utan at konsekvensane for m.a.



naturmiljø og friluftsinteresser som er knytt til vassdraget ser ut til å vera konkret vurdert her eller omtala i planframlegget.

I tillegg til vassressurslova § 11, viser vi også til laks- og innlandsfisklova § 7, der det er sagt at omsynet til fiskeinteressene og ivaretaking av økologiske funksjonsområde til fisken og andre ferskvassorganismar skal inngått i planar etter plan- og bygningslova. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre vurderingar knytt opp mot dette.

Statsforvaltaren er i utgangspunktet positiv til å leggja til rette for gang- og sykkelveg her som kan mellom anna kan fremja folkehelse og friluftslivinteressane i området. Vi vil likevel presisera at den førebelse uavklarte situasjonen med eventuelle terregengendringar langs vassdraget her kan få verknader for vassdrags-, friluftslivs- og naturverdiane i området.

Etter samtale med heradet den 18.12.23 og e-post av 18.12.23, vil ikkje Statsforvaltaren fremja motsegn til planframlegget, under føresetnad at heradet justerer planen i sitt reviderte planframlegg, (som vi vil få over nytår) og i tråd med våre merknader. Vi er såleis samde i heradet sine skisserte endringar av planframlegget: at det må setjast av ein grønstruktur langs vassdraget og på nedsida av regulert gang- og sykkelveg, som vil sikra kantvegetasjon. Ut ifrå våre kartkjelder ser det ut til å vera utført ulovleg hogst ved bruhaugen. Truleg i tilknyting for å forbedra sikta langs riksvegen her. Vi vil difor nyta høvet til å orientera at dette kan vera ein problemstilling som heradet må handtera på sikt. Vi ønskjer ein naturleg revegeterering og ikkje utplanting, når tiltaka er ferdigstilt. Vidare bør vegetasjonsbeltet mot elva vera så breitt som mogleg, for å forhindra avrenning ifrå vegen, noko som kan forringa vassmiljøet i elva.

Under samtalene med heradet, fekk vi forståing for at det ikkje ville vera naudsynt med flamsikringstiltak mot elva, sidan det er ein høgdeforskjell på 8-9 meter ifrå elva og opp til regulert gang- og sykkelveg. Vi rår likevel heradet til å utforma føresegna slik, at regulert grønstruktur bør vera inngrepssfri for fysiske tiltak. Vi kan sjå at det bør vera ein opning for tiltak i form av fundament i tilknyting til turvegen, men utover det bør føresegna til føremålet vera tydelege på at føremålet må vera inngrepssfri.

Statsforvaltaren stønar vidare heradet si vurdering om å endra føreslegen gang- og sykkelveg på undersida av bruhaugen til turveg. Det bør kome fram av føresegna at underlaget til turstien bør vera grus og ikkje av eit hardt materiale som til dømes asfalt. Breidda på turvegen bør ikkje overstige 1.5 meter.

Vi vil elles minna om at tiltak i vassdrag skal konsesjonsvurderast etter vassressurslova av NVE, og vidare handsamast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, av Statsforvaltaren. Elles må heradet





nedfella eit generelt krav om avbøtande tiltak å unngå avrenning i anleggsfasen ifrå området, uti elva og nedstraums. Vi kan ikkje sjå ut ifrå føresegna at dette er tilstrekkeleg teke i vare.

Avslutningsvis vil vi understreka at vi vektlegg i vår vurdering av planframlegget, at plassering av ny brannstasjon er avklart i ein eigen prosess og at det er naudsynt å få på plass dette samfunnskritiske anlegget, grunna arbeidstilhøva på den eksisterande brannstasjonen.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Jan Vidar Voster  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune  
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
STATENS VEGVESEN

Postboks 7900	5020	BERGEN
Postboks 5091	0301	OSLO
Majorstua		
Postboks 1010 Nordre	2605	LILLEHAMMER
Ål		



## Statens vegvesen

VOSS HERAD  
Postboks 145

5701 VOSS

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Sivert Faye / 47299448 22/202541-14 22/10375-20 20.12.2023

### Høyringsuttale til detaljreguleringsplan for brannstasjon og bustader – Tvildemoen – PlanID 2023001 – Voss herad

Vi viser til brev datert 06.11.2023.

#### Saka gjeld

Formålet med planen er å legge til rette for ny brannstasjon, bustader, forretning, og torg. Det er lagt vekt på å skape eit sentrumsnært nabolag med gode bu- og opphaldskvalitetar, og å bidra til at Voss herad når målet om å bli eit lavutsleppssamfunn.

#### Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan* (NTP), *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennlig transportsystem.

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmyndighet med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilsakapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

#### Våre merknader til planforslaget

Vi viser til dialog underveis i planarbeidet og møte 14.12.2023.

Tema for møtet var avklaringar knytt til rekkefølgjekrav om nytt kryss, utbetring av eksisterande kryss og undergang under Strandelva bru på rv. 13.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

Vi viser til framlegg til endra føresegner i e-post fra kommunen datert 18.12.2023. Føresegnerne er i samsvar med rekkefølgjekravet for områdeplanen, så lenge det ikke blir sett i gang nye tiltak innanfor områdeplan for T vindemoen som kan auke trafikkbelastninga i krysset. Vi legg til grunn at kommunen sikrar at rekkefølgjekravet i områdeplanen og detaljreguleringsplanen blir følgt ved behandling av byggesaker innanfor områdeplanen.

Endringar i føresegner jf. e-post fra kommunen, datert 18.12.2023:

*Før igangsettingsløyve for nye tiltak i felt B1–B4 og KBA1, utover 10.500 m<sup>2</sup> BRA, skal det være inngått gjennomføringsavtale med Statens vegvesen om ny kryssløysing mellom Regimentsvegen og Rv 13. BRA skal sees i samanheng med utbygging elles på T vindemoen jf. krav i områdereguleringsplanen, planid 0914, punkt 3.2 – 2 i føresegnerne.*

*Før igangsettingsløyve for nye boliger, og seinest innen 31.12.2025, skal det vere etablert oppstrammingstiltak i kryss Regimentsvegen/Rv 13, i tråd med Statens vegvesen sin vegnormal. Se kap. 7.8 i planomtalet.*

Vi foreslår:

*Før igangsettingsløyve for nye tiltak i felt B1–B4 og KBA1, utover 10.500 m<sup>2</sup> BRA, skal krysset være opparbeidd eller sikra opparbeidd gjennom ~~det være~~-inngått gjennomføringsavtale med Statens vegvesen om ny kryssløysing mellom Regimentsvegen og Rv 13. BRA skal sees i samanheng med utbygging elles på T vindemoen jf. krav i områdereguleringsplanen, planid 0914, punkt 3.2 – 2 i føresegnerne.*

Det bør bli presisert at det er vegnormal N100 som det blir vist til i føresegna:

*Før igangsettingsløyve for nye boliger, og seinest innen 31.12.2025, skal det vere etablert oppstrammingstiltak i kryss Regimentsvegen/Rv 13, i tråd med Statens vegvesen sin vegnormal **N100**. Se kap. 7.8 i planomtalet.*

Vi ser at våre merknader til oppstartsvarsel i stor grad er svara ut. Det er gjort ei ny trafikkanalyse for krysset med rv. 13. Denne viser at krysset vil ha akseptabel kapasitet som følge av utbygginga, men at det på sikt vil vere behov for å bygge om krysset på grunn av overbelastning. Planen legg til rette for ombygging av krysset med rundkøyring. Det er søkt om fråvik for rundkøyringa, da dette ikke skal etablerast på nasjonal hovudveg. Fråviket er godkjent.

Det blir lagt til rette for ny planskild kryssing av riksvegen for mjuke trafikantar. Denne kryssinga oppfyller ikkje stigningskrav for gang- og sykkelveg, og vi legg til grunn at drift og vedlikehald blir vareteke av kommunen. Det må bli inngått ei eigedomsavtale om bruk av vår grunn. I det vidare arbeidet med detaljprosjektering av undergangen må Statens vegvesen få teikningar til godkjenning, for å vareta brukonstruksjonen og fyllinga til brukaret. Det vil vere behov for vidare dialog med oss om brutekniske forhold og kva dokumentasjon som er nødvendig i neste fase.

Planen legg òg til rette for oppstramming av dagens kryss, som vil betre trafikksikkerheita for mjuke trafikantar. Dette er sikra med rekkefølgjekrav.

Vi kan ikkje sjå at skuleveg er spesielt omtala i planen, slik som vi bad om i vår uttale til oppstart. Vi legg til grunn at kommunen sikrar trygg skuleveg for nye bueiningar, og at dette blir vurdert før vedtak av planen.

Det manglar siktsoner i krysset mellom kv2 og kv3. Dette bør bli teikna inn.



## Konklusjon

Vi har hatt mykje dialog undervegs i planarbeidet og har kome fram til løysingar i planen som vi kan godta. Vurdering av trygg skuleveg bør bli gjort før vedtak av planen. Vi viser elles til merknader over, og ber om at dei blir teke til følgje. Vi legg til grunn at føresegne blir endra i samsvar med vårt forslag over.

Transport vest – transportforvaltning 1

Med helsing

Torun Emma Torheim

Seksjonsleiar

Sivert Faye

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

NYE VEIER AS, Kjøita 6, 4630 KRISTIANSAND S

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER



VOSS HERAD  
Postboks 145  
5701 VOSS

Vår ref.: 23/00549-2

Deres ref.: 22/10375-20

Bergen, 19.12.2023

## **Uttale til detaljreguleringsplan for brannstasjon og bustader - Tvildemoen - planID 20230001**

Føremålet med planen er å legge til rette for utvikling av ny hovudbrannstasjon og eit bustadmiljø med målsetting om sosial berekraft, fellesløysingar og attraktive møteplassar. Planen legg opp til om lag 130 bueiningar.

### **Indre Hordaland Miljøverk er no BIR Voss Hardanger**

1.juni 2023 vart Indre Hordaland Miljøverk (IHM) innlemma i Bergen Interkommunale Renovasjonsselskap (BIR), som BIR Voss Hardanger AS. BIRVH famnar om kommunane Voss, Ulvik og Eidfjord.

Medlemskommunane har tildelt BIR dei lovpålagde oppgåvene knytt til handtering av avfall frå hushaldskunder som er busett i kommunen. BIR, ved datterselskapet BIR Infrastruktur vert difor varsla ved oppstart av detaljreguleringsplanar og ved høyring og offentleg ettersyn for kunne gje uttale til planlegging knytt til renovasjon for hushald.

Ved oppstart av reguleringsplanar gjev BIR mellom anna følgande generelle innspel:

- Krav i føresegnd om framtidsretta nedgravne avfallsløysingar
- Krav i føresegnd om utarbeiding av renovasjonsteknisk plan (RTP). RTP skal vere sendt til BIR til uttale før 1.gongs handsaming av reguleringsplanen.
- Rekkefølgekrav om ferdistilling av avfallsanlegget i tråd med BIR sin uttale til RTP før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest.
- Det må settast av tilstrekkeleg og eigna areal for alle avfallstypane på arealplankart og/eller i illustrasjonsplan.
- Avfallsløysinga bør om mogleg vurderast samla for større område/tilgrensa planområde.

BIR Infrastruktur skal også varslast for endringar ved eksisterande renovasjonsløysingar, og krev då at det vert sendt inn ein RTP som skildrar ny løysing.



## **Uttale til høyring og offentleg ettersyn for brannstasjon og bustader – T vindemoen**

I planomtalen 6.14.3 vert det skildra plan for avfallshandtering. BIR ber om å tilsendt ein renovasjonsteknisk plan som mellom anna greier ut kva som ligg bak dimensjoneringa og tilkomst for renovasjonsbil for tømming av anlegga.

På BIR sin heimeside ligg det mal for korleis en kan utforme ein renovasjonsteknisk plan, sjå <https://bir.no/ny-avfallsloesning/planlegging-av-nytt-renovasjonplan/eksempler-paa-renovasjonsteknisk-plan/>

BIR understreker at det er BIR Voss Hardanger sin renovasjonstekniske norm som skal ligge til grunn for utarbeidning av ein renovasjonsteknisk plan i kommunane Voss, Ulvik og Eidfjord herad, sjå <https://www.birvh.no/hushald/prisar-og-informasjon/forskrifter-og-vedtekter/renovasjonsteknisk-norm>.

Føresegne til Voss herad sin KPA punkt 4.15.5 seier at renovasjonsløysingar skal utgreiaast i alle plan- og byggesaker, og avklaraast med Indre Hordaland Miljøverk (no BIR Voss Hardanger). Det kan setjast krav om fellesløysingar og tilrettelegging i bygg.

I reguleringsplanen for T vindemoen legg ein opp til felles renovasjonsløysingar i f\_REN1 for kombinasjonsbygg KBA1-2 og bustader i B1-B2. BIR er nøgd med at det er knytt rekkefølgekrav i føresegns for at renovasjonsløysingane skal være sikra opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve til det enkelte byggefelt.

Vi gjer merksam på at BIR ikkje har ansvar for å handtere avfall frå næringsverksem, og vi uttaler oss difor ikkje om avfallsløysingar knytta til næring. For mellombelse renovasjonsløysingar knytt til planlagt brannstasjon anbefaler BIR at det vert oppretta kontakt med Voss herad.

Med venleg helsing  
BIR Infrastruktur AS

Sjur Aarsand	Wenche-Mari Bliksås
Fagansvarleg plan	Plankonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Du kan nå lese de fleste brev fra BIR-konsernet i din digitale postkasse!

- Brev til deg selv  
For å lese brev til deg selv må du opprette en digital postkasse. Det er enkelt og gratis på denne siden: <https://www.norge.no/nb/velg-digital-postkasse>  
Har du ikke egen digital postkasse vil du motta brevet i Altinn.
- Brev til bedrift/organisasjon  
Du kan lese brev til bedriften/organisasjonen i meldingsboksen i Altinn:  
<https://www.altinn.no>  
Under «Profil, roller og rettigheter» kan du se om kontaktinformasjonen er riktig, eventuelt legge til kontaktinformasjon. Her kan du også delegera rollen «Post/arkiv» dersom du ønsker at en annen person skal lese post på vegne av bedriften/organisasjonen.

Svar sendes inn via <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/990766665>.



Til Voss heradsstyre – til nye, og til erfarne politikarar

## Hundremeterskogen på Tvildemoen forsvinn på di vakt

23.12 er høyringfrist for prosjektet *Tvildemoen brannstasjon og bustader*.

Naturvernlaget reagerer på den ustrakte bruken av omgrepene berekraft både i munnleg og skriftleg framstilling av prosjektet på Tvildemoen. Å bygge ned størsteparten av hundremeterskogen til fordel for menneskelege føremål er direkte i strid med naturavtala, og i strid med Vossaklima 2030. Me oppfordrar difor politikarane om å setje seg nøyne inn i prosjektet. Planidentitet 2023001.

**Me vil med dette brevet råde politikarar til å vurdere å skalere ned prosjektet til å gjelde brannstasjon, utan vidare nedbygging av hundremeterskogen til bustader.**

Heilt konkret meiner Voss Naturvernlag at

- bustadbygging i sentrum må skje ved fortetting og bruk av allereie nedbygde område – ikkje nedbygging av knapp, urørt sentrumsnatur
- arealnøytralitet og prinsippa i Vossaklima også må gjelde denne planen
- skogen er viktig leikeplass og læringsarena for over 100 barn i barnehagen
- sentrumsområda treng det som er att av friluftsområde, av mange gode grunnar
- utbygginga endrar karakteren på landskapet langs Vosso og trugar naturmangfaldet

Me vil framheve følgjande:

**Mål nummer 12 i naturavtala:**

**«Betydeleg auka arealet av, kvaliteten på og samanhengen mellom, tilgangen til og fordelane frå grøne og blå område i urbane og tettbygde strøk på ein berekraftig måte, ved å integrera bevaring og berekraftig bruk av naturmangfald, og sikra at naturmangfald blir teke omsyn til i byplanlegging ved å fremja naturleg heimehøyrande naturmangfald, økologisk samanheng og tilstand, forbetra menneskes helse, livskvalitet og tilknyting til naturen, og dessutan bidra til inkluderande og berekraftig urbanisering og økosystemfunksjonar og -tenester.»**

**I Vossaklima står følgjande:**

**«Arealendringar som inneber nedbygging av arealtypar og habitat, er dei viktigaste trugsmåla for naturmangfaldet. Vidare arealplanlegging i Voss herad er eit viktig tema i Vossaklima 2030, og**

*omsyn til naturmangfold vil vera viktig». I tillegg kjem naturen som karbonlager og flaumdempar fram i Vossaklima.*

**Frå Tvilddemoen-prosjektet sin ROS-analysa kap. 4.3 Reduserte levevilkår for planter, dyr og fugler**  
«...Planområdet består i dag i hovedsak av tett løv- og barskog. Planforslaget innebærer nedbygging av en betydelig andel av denne skogen, noe som også reduserer det sammenhengende grøntdraget langs elva Vosso og skogsområdet nord for riksveg 13. Det er ikke registrert sjeldne eller spesielt verdifulle arter av verken planter, dyr eller fugler innenfor området. Det kan imidlertid ikke utelukkes at slike arter lever innenfor planområdet \*. Uansett innebærer nedbygging av skog reduserte levevilkår for dyr og fugler som bruker området i dag, i tillegg til at de plantene som er der fjernes. Vurdering av sannsynlighet: **Det er svært sannsynlig at nedbyggingen av grønnstrukturen får konsekvenser for planter, dyr og fugler. Vurdering av konsekvenser: Konsekvensene vil være skade på miljø, ved at planter, dyr og fuglers økosystem endres. Det kan for eksempel gjøre at dyr må ferdes mer i samme miljø som mennesker, fugler kan få det vanskeligere med å finne egnede hekkeområder, og eventuelle verdifulle planter innenfor planområdet forsvinner.»**

\*NB! Her har Stataforvaltaren peika på følgjande artar i området: Spiss kanelslørsopp (LC) og Finporet vinterstilkjuke (LC), og ein observasjon av Tårnseiler (NT).

Me i Naturvernlaget vurderer difor planen om å byggje ned størsteparten av skogen på Tvilddemoen å vere i strid med vedteken politikk i Voss herad.

### **Manglande krav om arealnøytralitet**


Det er heller ikkje nemnt noko om arealnøytralitet i prosjektet, endå det for over eit år sidan i Vossaklima står følgjande: «*all framtidig arealutbygging i Voss herad som eit minimum skal vera arealnøytral*».

Det er å forventa at ein legg arealnøytralitet til grunn i prosjekt som er byggjeklare 1,5–2 år etter at planen er vedteken. Me nærmar oss allereie halvvegs til 2030, og det er til sjunde og sist politikarane sitt ansvar å sørge for at vedteken politikk vert fulgt opp.

### **Hundremeterskogen for menneske og dyr**

På forskning.no kan me i artikkelen [Alle treng ein hundremeterskog](#) lesa at «...det viktigaste er å spa dei store og ustrigla lappane – dei lokale hundremeterskogane. Kanten på ein slik skog vil ofte vere prega av omgjevnadane, medan kjernen kan ha høge tre som gir gode vilkår for mose, sopp, fuglar, ekorn og mus..»

I følgje landskapsøkologane er følgjande illustrasjon beskrivande for kva som skjer med det biologiske mangfaldet ved nedbygging av hundremeterskogen:



Figur 5. Slik forklarer landskapsøkologane effekten av bygging i skogflekkar. Figuren til venstre viser at sjølv ganske små skogflekkar kan ha nok skugge og beskyttelse for mange planter, dyr, sopp og insekt i kjerna (mørkegrønt), så lenge det finst ein god kant rundt (lysegrønt). Når vi bygger ut, skrumpar kjernemiljøet, og levestadane forsvinn.

**Å bevara ein så liten del av skogen som prosjektet siktar på er difor ikkje tilstrekkeleg for å verna om skogen sine kvalitetar, trass mindre endringar som er gjort etter innspel.**

I tillegg veit me kor viktig hundremeterskogen er for dei minste av våre samfunnsborgarar, noko forskinga også peikar på. Skogen er leikeplassen til Voss sin nest største barnehage med over 100 barn, og andre barn som bur i og ved Tvilddemoen. Statsforvaltaren har peika på Miljødirektøratet si vurdering av området som eit svært viktig friluftsområde. **Dette friluftsområdet vil miste sin karakter som friluftsområde om området rundt i så stor grad forsvinn.**

Me forstår det slik at det er brannstasjonen som både er mest samfunnskritisk, og som i minst grad påverkar skogen på Tvilddemoen. Prosjektet på Tvilddemoen spelar ikkje på lag med det nye kunnskapsgrunnlaget vårt, og me meiner difor at politikarane bør gå ein ekstra runde for å vurdera om skogen på Tvilddemoen verkeleg skal ødeleggast til fordel for bustadar.

Naturvern er ei langsiktig oppgåve, hovudsakleg lokalpolitikarar sitt ansvar. Naturkrisa er og ei mykje meir alvorleg, langsiktig trugsel mot menneska enn bustadmangel. Ei eng her, ein skog der... Ut i frå vår kartlegging i samband med kommunevalet 2023 er det mange lovnadar om naturen først. No er det tid for handling.

Voss, 08. desember 2023

Venleg helsing  
Styret i Voss Naturvernlag

Høyringsuttale frå Kulturverkstaden Magasinet

### Detaljreguleringsplan for Tvilddemoen brannstasjon og bustader

Planframlegget har mange fine kvalitetar. Styret for Kulturverkstaden Magasinet har såleis ikkje konkrete innspel til planen anna enn ein generell otte for at naturkvalitetane som omgjev barnehagane vert forringa.

Hovudinnvendinga til styret for Kulturverkstaden Magasinet er at planen er ein del av eit mønster for Tvilddemoen, detaljplanlegging bit for bit. Marknaden tilseier at Voss herad har tid og høve til å setja foten i bakken og laga ein heilsakapleg bygnadsplan for Tvilddemoen. Fråværet av heilsakapleg planlegging opnar for utilsikta negative følgjer.

Ved å laga ein samla bygnadsplan, kan ein også planlegga i detalj for gåande og syklande i eit heilårsperspektiv. Tvilddemoen er ei perle og altfor verdfull til å bli øydelagt av manglande heilsakapeleg planarbeid.

Voss, 13. desember 2023

På vegne av styret i Magasinet

Lars Mossefinn

leiar

## Høyringssvar frå SU i Voss barnehage

Detaljreguleringsplan for brannstasjon og bustader - T vindemoen - planID 2023001

Det at me i Voss barnehage har ein liten hundremeterskog som nærmeste nabo, rett utanfor barnehagen vår, er den viktigaste statkvaliteten for vaksne og born i barnehagen. Skogen er leikeplass og læringsarena for over 200 born i barnehagene Voss barnehage og Læringsverkstedet, og i tillegg for born som bur i området. Skogen har òg eigenverdi, uavhengig av kva me menneske nyttar den til. Det er dette området ein no planlegg å bygga ned. Her står ein av dei siste sentrumsnære hundremeterskogene i fare for å forsvinna. Voss barnehage er samde med Voss Naturvernlag og meiner prosjektet bør skalerast ned til å gjelda berre brannstasjon, utan vidare nedbygging av nærnatur.

I skogen vår leikar born kvar dag. Dei fylgjer endringane som skjer i denne vesle skogen i takt med årstidene. Her er det insekt, maur og mautuer. Det er fuglar og ekorn som me matar i løpet av vinteren. Me har fuglekassar til fuglane om sommaren. Når 1- og 2-åringane går tur her, så går dei ikkje på «vegen», men på dei små stiane der dei går over stokk og stein, og får brukt kroppen allsidig i ulendt terreng, slik rammeplan for barnehagen tilrår. For dei minste i barnehagen er nærliken til skogen vår heilt avgjerande for å kunne få slike naturopplevingar i kvardagen. Me har til ei kvar tid 104 born i barnehagen vår og det er mange born som, sidan Voss barnehage opna i 2009, har gode minner og naturopplevingar frå skogen.

Denne skogen har me brukt som ei forlenging av uteområdet vårt. Skogen tilbyr borna noko heilt anna enn det den tilrettelagde leikeplassen vår gjev dei. Forsking viser kor viktig leik i naturen er for borns utvikling. (Sjå vedlegg 1: «En oppvekst på døde underlag» av Jostein Rønning Sanderud, høgskulektor ved Høgskulen på Vestlandet). Sidan naturen heile tida forandrar seg, utfordrar den også fantasien. Naturleiken utvider bornas forståing av seg sjølv og naturen.

Me meiner at borna, både i Voss barnehage, T vindemoen barnehage og borna som veks opp på T vindemoen, treng ein hundremeterskog (Sjå vedlegg 2: «Alle treng ein hundremeterskog» av Inger Auestad, Førsteamenuensis i vegetasjonskologi vi Høgskulen på Vestlandet.) I artikkelen kan me lesa: «Det viktigaste er å spare dei store og ustrigla lappane – dei lokale hundremeterskogene. Kanten på ein slik skog vil ofte vere prega av omgjevnadane, mens kjernen kan ha høge tre som gir gode vilkår for mose, sopp, fuglar, ekorn og mus.» I fylge planteikningane for T vindemoen er det kun ein kant som vil stå att. Dei få trea som vil stå att er ikkje nokon skog. Ein vil kunne sjå husvegger over alt kor ein beveger seg. Leirplassen i skogen får ein vegg kloss inntil. Utan skogen vil borna mista eit heilt univers av fantasi og naturopplevingar, som aldri kan erstattast av leikeapparat og bygde parkar.

Me vil òg visa til satsinga Vossaklima 2030. Nedbygging av gjenverande skog på T vindemoen er i strid med vedteken politikk i Voss herad. Planen bryt med Vossaklima 2030 sitt prinsipp om at arealutbygging i Voss herad skal vera arealnøytral. For at borna skal læra å ta vare på naturen og bli glad i naturopplevingar, må dei frå dei er små få moglegheita til å oppleva natur i kvardagen.

Skogen vår er i tillegg med på å dempa støy mot barnehagen, både frå Vindtunnelen, men òg i samband med brannstasjonen som kjem nær barnehagen. Vendt mot skogen har me «sovehusa» våre. Det vil sei at det er her dei minste borna sov i vognene sine på dagtid.

Me forstår at ny brannstasjon må koma. Det er òg denne som i minst grad påverkar skogen på T vindemoen. Utbygging av bustader i urørt natur spelar derimot ikkje på lag med det nye kunnskapsgrunnlaget heradsstyret har (vedlegg 3, Høyringsuttale Voss Naturvernlag).



Me ber om at skogen får stå, for insekt, fuglar og dyr, og for framtidige born i barnehagen sin kvardag, deira fantasi, sjølvkjensle og tilhøve til naturen. No er det viktig at mange nok står opp for denne skogen.

Viss det endar med utbygging av skogen ved Voss barnehage ynskjer barnehagen sterkt å få moglegheit til å koma med innspel i prosessen, og me ynskjer å vera involvert i detaljplanlegginga av området. Ein god dialog med barnehagen vil vera svært viktig dersom anleggsarbeid blir sett i gang. Eit så stort anleggsarbeid tett på barnehagen vil i stor grad påverka barnehagekvardagen til barna i Voss barnehage.

Voss, 22. desember 2023

SU Voss barnehage

Tor-Einar Wahl  
Styrar i Voss barnehage

## Merknad til planforslag for brannstasjon og bustader på T vindemoen

- Turvegen som i dag går gjennom «Hundremeterskogen» vert mykje nytta som snarveg til Vangen for oss som bur i Gilbaret. Det har ein stor verdi å få ein pause frå asfalten og gå gjennom ein frodig skog med fugleliv. I utgangspunktet er det ynskjeleg at skogen og stien vert bevart i si heilheit. Eg opplever området som eit viktig friluftsområde for dei som bur på T vindemoen. Her er det mange hundeeigarar, eldre og born som er ute og går tur. Ein må elles krysse riksvegen for å kome til nærmaste friluftsområde. Skogen er flat og lett tilgjengeleg for alle, i motsetning til mange andre turområde på Voss.
- Ikke minst er «Hundremeterskogen» eit svært viktig område for tilgrensande barnehagar. På veg gjennom skogen møter ein nesten alltid på ei barnegruppe og det er synleg at dei nyttar skogen i si leik og læring.
- Viser til *Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for å styrke barn og unges interesser i planleggingen*. Føremåla med retningslinene er å:
  - a. *Synliggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.*
  - b. *Gi kommunene bedre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unges interesser i sin løpende planlegging og byggesaksbehandling.*
  - c. *Gi et grunnlag for å vurdere saker der barn og unges interesser kommer i konflikt med andre hensyn/interesser».*

Ved punkt 5 d står det følgjande: «*Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt».*

Punkt 5b: «*I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Dette forutsetter blant annet at arealene:*

- er store nok og egner seg for lek og opphold
- gir muligheter for ulike typer lek på ulike årstider
- kan brukes av ulike aldersgrupper, og gir muligheter for samhandling mellom barn, unge og voksne».

Det er vanskeleg å finne erstatningsareal for «Hundremeterskogen» utan å måtte krysse og ferdast langs trafikkert veg. For at barnehagane skal kome seg til andre friluftsområde, krev det større ressursar og bruksfrekvensen vil bli lågare. Leikeområdet i T vindeskogen, på motsett side av rv. 13, er det over 500 m å gå til for Voss barnehage. Medan «Hundremeterskogen» ligg på andre sida av gjerdet. «Hundremeterskogen» er også tilgjengeleg for ei større gruppe av barn. Her kan dei som sitt i vogn eller menneske med nedsett funksjonsevne også kome fram.

- For at turstien skal ha ein tilnærma lik verdi som i dag, bør det i det minste vera ei grøn buffersone mellom turvegen og bustadområda (B1, B2 og B3). Bustadområda kan trekkast lenger vekk i frå turstien og evt. reduserast med antal bueiningar for å nettopp bevare eit skogsområde og tursti, som er eit felles samfunnsgode for alle beboarar på T vindemoen og andre brukarar. Opplevinga av å gå på stien vil vera heilt anndeis med skog på begge sider. Til samanlikning går turstien svært tett på leilegheitene ved Karibyen og turgåarar har fullt innsyn til stover, terrassar og hagar. Turstien vert ved Karibyen opplevd som

privatiserande. Det vil også vera ein fordel for dei som skal bu i bustadane at det vert lagt til ei buffersone.

- Ein skal heller ikkje undervurdere den støyreduserande effekten av skogen. Tvilidemoen ligg omkransa av tre trafikkerte hovudvegar. Ein merker tydeleg mindre støy i skogen når det er blad på trea i sommarhalvåret.
- Vil elles minne om det biologiske mangfaldet og eigenverdien det har for samfunnet.

Mvh.

Guri Finne Sognnæs